

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fellesnemnda-AU</b>
<b>Møtestad:</b>	Bergen og Leikanger - Skypemøte
<b>Dato:</b>	29.01.2018
<b>Tid:</b>	10:00

Gjer merksam på at dette er et Skypemøte med møtestad:

Bergen: fylkeshuset, fylkesutvalssalen, 3. etg.

Leikanger: fylkeshuset, fylkesutvalssalen, 1. etg.

### Program

Kl. 10:00 – 12:00 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i fellesnemnda-AU. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		
PS 3/18	Tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 4/18	Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 5/18	Politisk organisering - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 6/18	Ymse		

**PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**PS 2/18 Referatsaker (skriv og meldingar)**

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne Gine Hestetun, fylkesordførar i Hordaland og leiar i tilsetjingsutvalet  
Saksbehandlar: Namn, avdeling, fylke  
Sak nr.: 2015/1434-568

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	3/18	29.01.2018

### Tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann - prosess og framdrift

Leiaren i tilsetjingsutvalet rår utvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalanane så snart som mogleg.
2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.
3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.

Vedlegg:

### SAKSFRAMSTILLING

---

#### Bakgrunn for saka

Fellesnemnda vedtok i møtet, 18. desember 2017, følgjande i sak PS 5/17 Rekruttering av prosjektleiar/fylkesrådmann:

1. «*Fellesnemnda startar prosessen med å tilsetje prosjektleiar for samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Prosjektleiaren vil tiltre som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020.*
2. *Til denne rekrutteringsprosessen nemner fellesnemnda opp eit eige tilsetjingsutval, bestående av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.»*

I tillegg vart følgjande forslag oversendt frå representanten Nils Marton Aadland (H) utan realitetsvotering:

«Stillinga som prosjektleiar/rådmann blir lyst ut eksternt.»

Leiaren i FN-AU legg med dette fram sak til tilsetjingsutvalet med opplegg og framdrift for rekrutteringsprosessen for prosjektleiar/fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen. Saka er oversendt og lagt fram for KS-advokatane til kvalitetssikring og eventuelle merknader.

### **Fylkesrådmennene si rettslige stilling ved verksemdsoverdraging**

Reglane i arbeidsmiljølova, kapittel 16, om verksemdsoverdraging skal leggst til grunn ved samanslåing av fylker. Utgangspunktet vil da vere at alle tilsetjingsforhold vert overført «som dei er» til den nye fylkeskommunen.

Spørsmålet som vidare må besvarast er om stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen, er ei stilling som i dag finnes i dei to fylkeskommunane. Utgangspunktet for vurderinga av rettskrav blir derfor ei samanstilling av dagens stilling som fylkesrådmann opp mot den nye stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen.

Det sentrale nye i stillinga som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen, er at det også inngår i stillinga å vere prosjektleiar under fellesnemnda i gjennomføringsperioden og dei oppgåvene dette medfører med sikte på å få etablert ein ny organisasjon frå 1.1.2020.

Spørsmålet er om det å leie samanslåingsprosessen og etablere den nye kommunen, er tilstrekkelig endring slik at det må leggst til grunn at det dreier seg om ei ny stilling. Det å leie samanslåingsprosessen er klart ei ny oppgåve, og som ikkje kan seiast å ligge til noverande rådmannsstilling. Prosjektleiar skal rapportere til fellesnemnda og ikkje til fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane. Sjølv om det må leggst til grunn at det naturleg vil inngå omstillingar og omorganiseringar i fylkeskommunar som Hordaland og Sogn og Fjordane, vil det å vere prosjektleiar for ei samanslåingsprosess vere noko anna og skille seg klart ut.

Det er i denne samanheng ei rekke ulike problemstillingar som skal handterast, og som må oppfatast som nye i høve til kva som i dag ligg til fylkesrådmannsstillinga.

På ei anna side er perioden som prosjektleiar av så kortvarig karakter, at det kan hevdast at innhaldet i fylkesrådmannsstillinga for den nye fylkeskommunen i stor utstrekning er ei vidareføring av noverande fylkesrådmannsstilling. Ved vurderinga av denne perioden for «tilleggoppgåver» i den nye stillinga, må det i tillegg til prosjektperioden i gjennomføringsfasen - også takast høgde for ein periode i tida etter samanslåinga. Kor lang tid denne perioden vil vere før situasjonen «normaliserer seg» i ein ny etablert fylkeskommune, vil vere vanskeleg å anslå.

Etter ei samla vurdering er det grunnlag for å konkludere med at fylkesrådmennene ikkje har eit rettskrav for vidareføring av sine stillingar som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen. Det føreligg likevel ikkje rettspraksis som er direkte relevant for denne konklusjonen, men prosessrisikoen vert likevel vurdert som liten.

### **Avklaring med fylkesrådmennene**

For å kartlegge fylkesrådmennene si interesse for stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen, og korleis dei oppfatar si rettslege stilling for vidareføring av dagens stilling, vil det i første omgang vere nødvendig å gjennomføre ein samtale med fylkesrådmennene rundt desse spørsmåla. Det vert føreslege at fylkesordførarane i fellesskap fastset eit opplegg for slike samtalar, og gjennomfører desse så snart som mogleg.

## Intern eller ekstern utlysning

Prinsippet om offentlig utlysning av stillingar er ikkje lovfesta for kommunale og fylkeskommunale stillingar, men det er likevel sikker juridisk praksis at stillinga som rådmann i (fylkes)kommunar skal lysast ut offentlig. Dette går fram av fleire uttale frå Sivilombodsmannen, seinast i sak 2014/108. For statlege stillingar er dette på tilsvarande måte stadfesta gjennom den nye lova om statstilsette (juni 2017) §4: «Utllysning av stilling og embete. (1) Ledig stilling eller embete skal utlyses offentlig, med mindre annet er fastsatt i lov, forskrift eller tariffavtale.»

Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vil innebere å vere leiar for ein av dei største fylkeskommunane i Noreg. Gjennom ei ekstern utlysning vil ein sikre ein vidare tilsetjingsprosess der fleire aktuelle kandidatar får høve til å søkje på stillinga og bli vurdert for tilsetjing. På denne måten vil ein også kunne sikre at den som får tilbodet om stillinga, får størst mogleg grad av legitimitet og tillit, til å gå vidare som leiar i prosjektfasen og seinare inn i rolla som øvste administrative leiar for den nye fylkeskommunen.

## Rekrutteringsprosessen

Rekrutteringsprosessen er organisert med eit tilsetjingsutval med 8 folkevalde og to representantar for dei tilsette. Det vil vere aktuelt å gå til innkjøp av tenester i eksternt rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysning og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.

Dersom ein vel å gå til innkjøp av slike tenester må ein snarast utlyse konkurranse for oppdraget i samsvar med lov om offentlig anskaffing. Straks dette innkjøpet er gjennomført, vert stillinga lyst ut med nokre vekers søknadsfrist. Deretter vil det følgje ein fase med kandidatoppfølging og intervju fram til det ligg føre ei innstilling frå tilsetjingsutvalet.

Av omsyn til konfidensiell handsaming av søkjarane og effektivitet vert det føreslått at første fase med intervju vert gjennomført med 3 folkevalde ( fylkesordførarane og ein representant for opposisjonen) og dei to representantane for dei tilsette. Siste og avsluttande intervjurunde vert gjennomført med heile tilsetjingsutvalet til stades. Målsettinga er å kunne legge fram ei innstilling for tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann til møtet i fellesnemnda 4 mai 2018, innanfor følgjande tentative tidsplan:

Møte i tilsetjingsutvalet	29. januar 2018
Utllysning av konkurranse rekrutteringsbyrå	30. januar 2018
Tilbodsfrist rekrutteringsbyrå	6. februar 2018
Val av rekrutteringsbyrå	13. februar 2018
Utllysning av stilling som prosjektleiar/fylkesrådmann	Veke 8
Søknadsfrist	Veke 10
Kartlegging og vurdering av kandidatar	Veke 11-15
Møte i tilsetjingsutvalet	24. april 2018
Fellesnemnda vedtek tilsetjing	4. mai 2018

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2015/1434-566

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	4/18	29.01.2018

## Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - prosess og framdrift

### Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FN-AU) til å gjere slikt vedtak:

Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.

### Vedlegg:

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak PS 7/17 Fylkesvåpen – utforming og fastsetjing:

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.

Fylkesrådmennene legg med dette fram sak om prosess for det vidare arbeidet med utforming og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen/det nye fylket.

### Dagens regelverk og praksis for fastsetting av fylkesvåpen

Fylkesmerke er eit heraldisk våpenmerke (våpenskjold) som vert nytta som offisielt emblem og kjenneteikn for fylkeskommunen sitt mynde. Fastsetjing av fylkesvåpen og fylkesflagg kan gjerast av fylkestinget, jf. kommunelova § 3, 6. ledd:

*«Kommunestyret selv fatter vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg. Fylkestinget selv fatter vedtak om fylkesvåpen og fylkesflagg.*

*Kommunale og fylkeskommunale våpen og flagg skal ikke være egnet til å forveksles med eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg, eller annet tegn omfattet av straffeloven § 165 bokstav b og § 166, et statsflagg, eller noe som er egnet til å oppfattes som slikt tegn eller flagg.*

*Kommunen og fylkeskommunen skal uten ugrunnet opphold sende vedtatte våpen og flagg til Arkivverket. Arkivverket skal publisere våpen og flagg uten ugrunnet opphold. Departementet kan gi forskrift om innsendingen og publiseringen.»*

Fylkesflagg som skal nyttast på offentlege bygningar, eigedomar og institusjonar, har vore godkjent av Kongen, jf. lov 29. juni 1933 nr. 2. Då fylkesvåpen vert godkjent av Kongen for å nyttast i fylkesflagg, har gjeldande praksis vore at Kongen har godkjent sjølve fylkesvåpenet, etter at Arkivverket har vurdert søknaden. Arkivverket har både hatt oppgåva som rådgivande instans for fylka i samband med utforming av nytt våpen, samt gje rådjevande fråsegn til departementet før kommunevåpen og kommuneflagg har vore fastsett av Kongen i statsråd. Eit krav for å få godkjenning har vore at våpenmerke er i samsvar med dei heraldiske reglane som Riksarkivet praktiserer. Sentralt i reglane er kravet til enkelheit, der hovudregelen er at våpenet skal vere i flatestil og normalt berre skal ha eit figurmotiv, ein farge og eit metall (gull/sølv). Godkjenningsordninga er ikkje regulert i lovverket, men basert på forvaltningspraksis.

### **Nytt regelverk for fastsetjing av fylkesvåpen**

I Prop. 157 L (2016-2017) har regjeringa Solberg i statsråd den 21. juni 2017 foreslått å oppheva den statlige godkjenningsordninga for kommune- og fylkesvåpen. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har ikkje hatt merknader til høyringsnotatet. Det nye regelverket gjeld frå 1. januar 2018 og inneber at den statlige godkjenningsordninga for fylkeskommunale flagg og våpen vert oppheva og at fylkestinga får eksklusiv kompetanse til å vedta flagg og våpen. Vestlandet fylkeskommune må då sjølv utvikle og fastsetje eige våpen og flagg. Då eit våpenmerke ikkje er ein utskiftbar logo, men skal nyttast over ein lang periode, er kvaliteten på utforminga særskild viktig. Det må difor gjerast ein grundig vurdering for nytt våpen og nyttast kompetente fagmiljø. Det er og oppretta ein nettressurs av Arkivverket: <https://www.arkivverket.no/forvaltning-og-utvikling/kommunereform/kommunevapen>

Endringane i regelverket vil få direkte konsekvens for samanslåinga av fylka. Departementet meiner at fastsetjing av våpen etter gjeldande praksis, normalt vert utsett til etter samanslåinga og ikkje inngår i same resolusjon som samanslåinga. *Formell* fastsetting av nytt fylkeskommunevåpen kan difor utsettast til etter endelig samanslåinga finn stad i januar 2020. Regjeringa skriv fylgjande om prosess om val av fylkesvåpen og fylkesflagg:

*«Kommuner og fylkeskommuner som er i prosess for sammenslåing kan velge forskjellige fremgangsmåter ved fastsetting av våpen og flagg:*

- 1. Videreføre en av kommunenes flagg eller våpen. Det eneste kravet vil være å gi Arkivverket beskjed om at et gjeldende våpen skal videreføres som felles våpen for ny kommune eller fylkeskommune.*
- 2. Det er ikke nødvendig at nye kommunale og fylkeskommunale flagg og våpen er klare fra første dag etter sammenslåingen ettersom det ikke er noe regelverk som pålegger kommuner og fylkeskommuner å ha våpen eller flagg. Det er derfor mulig for kommunene å bruke god tid til å fastsette nytt våpen og flagg.*
- 3. Dersom det er ønskelig å fastsette nytt våpen og flagg før ikrafttredelse av ny kommune, kan eksisterende kommunestyre treffe likelydende vedtak. Før vedtak treffes er det viktig at kommunene setter av tid til å orientere seg i Arkivverkets oversikt over eksisterende kommunevåpen og foretar forundersøkelse hos Patentstyret. Etter vedtak i kommunestyrene må det sørges for felles innsending til Arkivverket. Fellesnemnda har ikke kompetanse til å vedta flagg eller våpen.»*

Sjå meir her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Nyheter-kommunereform/kommunevapen-og-kommuneflagg/id2558418/>



## Framlegg til prosess for utforming og fastsetjing av nytt fylkesvåpen

I fellesnemnda sitt vedtak om fylkesvåpen, 18. desember 2017, vart det lagt til grunn at det skal utformast eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det er dermed ikkje aktuelt å nytte eitt av dei eksisterande fylkesvåpena som fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det vert føreslått å legge opp til ein open og inkluderande prosess for utforming av den nye fylkesvåpenet. Dette vil bidra til at eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommune vil kommunisere og vere identitetsskapande på ein god måte med innbyggjarane i det nye fylket.

### a) Prosjektorganisering

<b>Prosjekteigar</b>	Fellesnemnda.
<b>Prosjektstyringsgruppe</b>	Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU).
<b>Prosjektleiing</b>	Fylkesrådmennene/prosjektleiar.
<b>Prosjektgruppe</b>	Representantar frå dei to fylkesrådmennene.
<b>Fagkomite/jury</b>	Ein fagkomite/jury med kompetanse innan kunst, historie, heraldikk og kommunikasjon vurderer og tilrår val av alternativ. Samansetjing av denne fagkomiteen vert lagt fram som eiga sak for FN-AU innan 2. kvartal 2018.

### b) Overordna prosjektplan

<b>Etablering av prosjektgruppe</b>	<b>februar 2018</b>
<b>Symboltilfang</b> Prosjektgruppa vurderer historiske motiv, samtidsmotiv, landskapstema som sameinande symbol for forslag til motiv i open innspelsprosess.	februar – mars 2018
<b>Open innspelsprosess</b> Brei prosess, der alle innbyggjarane vert invitert til å gje innspel til våpenmotiv (i samarbeid med regionalt dekkande media, som NRK Vestlandsrevyen, Bergens Tidende m.m.).	april - mai 2018
<b>Designkonkurranse</b> Innspel til motiv som kjem inn i den opne prosessen vert vidareførte til inspirasjon i ein designkonkurranse. Forutan utforming av motiv må farge og metall veljast. Designbyråa tek ansvar for at heraldisk kompetanse vert nytta.	mai – august 2018
<b>Innstilling og vedtak</b> Fagkomiteen/juryen si tilråding blir lagt fram for styringsgruppa (FN-AU) som tilrår vidare til fellesnemnda. Fellesnemnda si tilråding vert lagt fram for fylkestinga for endeleg vedtak og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen.	august – oktober 2018

### Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene tilrår at arbeidsutvalet sluttar seg til prosjektorganisering og prosjektplan for vidare arbeid med utforming og fastsetjing av fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen, slik dette er skissert i saksframlegget.

Val av fylkesvåpen har vesentleg betydning for samanhengen og heilskapen når det gjeld grafisk profilering for heile den nye fylkeskommunen. Det er difor behov for å få avklart utforming og fastsetjing av det nye fylkesvåpen så raskt som mogleg. Fylkesrådmennene ser det ikkje som naudsynt å vente med å starte opp ein prosess for utforming av fylkesvåpenet no, med tanke på endeleg fastsetjing av namnet på den nye fylkeskommunen/fylket. Namnet vil i alle høve vere avklart i Stortinget i løpet av andre kvartal 2018, slik vil dette vere kjent før fylkestinga endeleg vedtek fylkesvåpenet.



## Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2015/1434-567

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU	5/18	29.01.2018

### Politisk organisering - prosess og framdrift

#### Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FU-AU) til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestlandet fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.2018. Saka tek utgangspunkt i den vedtekte intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.
2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør liggje til hovudutval for opplæring slik intensjonsplanen legg opp til.
3. Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestlandet fylkeskommune.

#### Vedlegg:

### 1. Bakgrunn for saka

I §7 i reglementet for fellesnemnda er det nedfelt at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak PS 06/17:

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

Dette saksframlegget er såleis eit framlegg til prosessbeskriving og eit diskusjonsgrunnlag for det vidare arbeidet med utforming av den politiske organiseringa.


Fylkesrådmennene legg her opp til å drøfte følgjande fem hovudelement:

- a) Gjennomgang av vedteke organisasjonskart for politisk organisering, jf. intensjonsplanen.
- b) Oppgåver som ikkje er konkretiserte i intensjonsplanen sitt organisasjonskart. Dette for å syne kva for andre element som må innplasserast i den nye politiske organisasjonsstrukturen.
- c) Gjennomgang av prinsipielle og aktuelle spørsmål for det vidare arbeidet, til dømes spørsmålet om kvar ansvaret knytt til idrettsområdet bør innarbeidast i den politiske strukturen.
- d) Nye oppgåver jf. Stortinget si framtidige handsaming av ekspertutvalet sin rapport (01.02.2018).
- e) Oppfølgingspunkt etter vedtak av politisk organisering vil m.a. vere utarbeiding av reglement og delegeringsfullmakter, den politiske arbeidsforma, fordeling av roller og tal heiltidspolitikarar.

Fylkesrådmennene drøftar såleis, med bakgrunn i ovannemnde tema, den vidare prosessen med tanke på å få på plass framtidig politisk organisering.

### 2. Politisk organisasjonsmodell og formannskapsmodellen jf. intensjonsplanen av 17.01.2017

Den politiske organiseringa inneber eit region-/fylkesting, eit region-/fylkesutval og fire hovudutval med delegert vedtaksmynde (grunnstruktur):



Reglementet til fellesnemnda slår fast at nemnda har i oppgåve å fastsetje den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne

vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast. Fylkestinga vedtok 27.10.17, i likelydande vedtak, at formannskapsprinsippet skal liggje til grunn som politisk styringsmodell for den nye fylkeskommunen frå 01.01.20.

Den politiske organiseringa inneber jf. intensjonsplanen fire hovudutval med delegert vedtaksmynde:

- Hovudutval for samferdsle
- Hovudutval for opplæring og idrett
- Hovudutval for næring
- Hovudutval for kultur

Ein modell med fire hovudutval med delegert vedtaksmynde kan leggje til rette for at eit stort tal saker vert lagt fram for avgjerd i politiske sektorutval. Grensesnittet mellom fylkestinget, fylkesutvalet og underliggjande politiske organ må avstemmast og tydeleggjerast gjennom eigne reglement og delegeringsfullmakter.

Eit sektorutval (hovudutval) kan til dømes disponere den budsjettamma som fylkestinget løyver til sektoren/fagområdet. Disponering av budsjettamma kan for eitt utval innebere fullt ansvar for t.d. kjøp av kollektivtrafikktenester. Dette må til ei kvar tid handterast innanfor dei økonomiske rammene og dei fastlagde politiske føringane som fylkestinget fastset.

For eit anna hovudutval, t.d. fordeling av budsjettet innanfor vidaregåande opplæring og fastlegging av tilbodsstrukturen som fylkeskommunen skal yte overfor elevar og lærlingar, vil det også liggje føre politiske føringar frå fylkestinget gjennom vedtekne mål og strategiar for sektoren. Generelt kan det leggjast til grunn at sektorutvala kan ha stor handlefridom og eit utvida delegert mynde frå fylkestinget så lenge det ligg føre tydelege politiske rammer for korleis fullmakta kan nyttast.

Fylkesrådmennene er merksame på at eit tydeleg og utvida vedtaksmynde til hovudutvala trekkjer i retning av sterkare *sektorisering* i fylkeskommunen. I enkelte kommunar og fylkeskommunar er det difor lagt inn som ein føresetnad at leiar/nestleiar for hovudutvala vert rekrutterte blant fylkesutvalet sine medlemmer. Dette for å leggje ei tydeleg avgrensing på kor langt ein kan gå i å tenkje sektoroptimalisering, då same personar også sit i ei overordna, samordnande politisk rolle. Dette er døme på eit strategisk val som fylkestinget står fritt til å avgjere, og som fylkesrådmennene ser kan vere nyttig å drøfte nærare i det vidare arbeidet. Alle hovudutvalsmedlemene sit elles i heilskapsorganet fylkestinget. Dette gjer også at heilskaps- og samordningsomsynet står sterkt i fylkeskommunane, og syner at den politiske organiseringa også kan fungere godt sjølv om hovudutvalsleiarane vert rekrutterte utanfor fylkesutvalet.

Ein tradisjonell hovudutvalsmodell med tydeleg vedtaksmynde i sektorutvala vil i stor grad medverke til å spreie makta og til å gje fleire politikarar synlege posisjonar. Hovudutvalsleiarar og ev. nestleiarar opptre gjerne på vegne av fylkeskommunen, til dømes ved deltaking/leiing av regionale partnerskap innanfor sine fagområde. Ei erfaring med hovudutvalsmodellen der utvala har eit omfattande vedtaksmynde er også at det politiske ordskiftet vert meir interessant for media å følgje.

Den politiske organiseringa med fylkesting, fylkesutval og fire hovudutval tek utgangspunkt i at fylkestinget sin storleik etter valet i 2019 er på 65 representantar.

### 3. Oppgåve- og ansvarsdeling i det politiske organisasjonskartet

Fylkesrådmennene legg til grunn at ei rekkje oppgåver og fagområde ikkje er teikna inn i det vedtekne organisasjonskartet i intensjonsplanen. Fylkesrådmennene ønskjer, som ein del av det vidare diskusjonsgrunnlaget, å syne nokre sentrale oppgåver/element som må finne si innplassering i den nye politiske organisasjonsstrukturen.

Fylkesrådmennene tek utgangspunkt i følgjande element i diskusjonen om arbeidsdeling og innplassering av oppgåver i den nye politiske strukturen:

- a) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og medlemene i kontrollutvalet vert haldne utanfor fordelinga på den underliggjande utvalsstrukturen.
- b) Fylkesutvalet er ansvarleg for oppgåver som tradisjonelt ligg til utvalet. Dette er m.a. oppgåver knytte til økonomi, regional planlegging, administrasjonsutval m.m. Fylkesutvalet sine funksjonar i høve økonomiplan- og budsjettarbeid (finansutval, regional planlegging (planutval) og fylkesutvalet som klagenemnd m.m. bør drøftast i den vidare organisasjonsutforminga.
- c) Fylkeskommunen sitt mynde etter plan og bygningslova kan delast mellom fylkesutvalet og underliggjande politiske organ (hovudutval). Fylkesutvalet bør ha ansvaret i dei tilfella der det er aktuelt å bruke motsegn, men den konkrete arbeidsdelinga her bør drøftast nærare i den vidare organisasjonsutforminga.
- d) Ansvaret knytt til tannhelsetenesta kan ev. leggjast til fylkesutvalet, sidan det framleis er uavklart om det vil kome nye oppgåver til fylkeskommunane som følgje av det regjeringsnedsette ekspertutvalet sitt utgreiingsarbeid. Oppgåve- og ansvarsstrukturen som Stortinget fastset for fylkeskommunane vårsesjonen 2018 vil vere med på å forme den endelege politiske organiseringa. Fylkesrådmennene rår til at fellesnemnda ventar med å leggje alle brikkene på plass før oppgåvestrukturen er på plass.
- e) Fylkesrådmennene meiner følgjande ansvarsområde er døme på oppgåver som anten kan liggje til fylkesutvalet eller til eitt hovudutval:
  - o Klima- og miljø
  - o Folkehelse
  - o Kommunale plansaker
  - o FoU-område (undervisning, kompetanseutvikling, forskning og utvikling)

### 4. Problemstillingar til nærare avklaring i fastsetjinga av den politiske organiseringa

Fylkesrådmennene ønskjer å synleggjere nokre fleire prinsipielle og aktuelle problemstillingar som det vil vere relevant å vurdere nærare i samband med fastsetjing av den endelege politiske utvalsstrukturen:

- a) Ny vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør liggje til hovudutval for opplæring slik intensjonsplanen legg opp til?
- b) Kva konsekvensar kan/bør det få for den politiske organiseringa og arbeidsforma at fylkeskommunane no skal setje fokus på rolla som samordnande samfunnsutviklar?

### 5. Nye oppgåver til fylkeskommunane jf. ekspertutvalet si innstilling (01.02.2018)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sette 14.06.17 ned eit ekspertutval som skal føreslå nye oppgåver til fylkeskommunane. Utvalet skal på fagleg grunnlag analysere og vurdere konkrete oppgåver og ansvarsområde med sikte på å føreslå ytterlegare oppgåver og mynde til fylkeskommunane, utover det som er avklart etter Stortinget si handsaming av Prop. 84 S (2016–17).

I mandatet heiter det at utvalet sine framlegg skal kunne styrke fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle, gje ei meir brukarvenleg forvaltning, stimulere til ein betre offentleg ressursbruk og

betre tenester for innbyggjarar og næringsliv. Ekspertutvalet skal tydeleggjere føresetnadane som ligg til grunn for dei konkrete forslaga, og gje ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar av desse. Ekspertutvalet skal levere sin sluttrapport 01.02.18.

Fylkesrådmennene er særskilt opptekne av at den nye fylkeskommunen skal gripe rolla som regional utviklingsaktør gjennom den mykje omtala «samfunnsutviklarrolla». Samfunnsutvikling handlar om å sjå koplingar mellom ulike sektorar/fagområde. Fylkeskommunane bør slik utvikle strategiar for å fremje den samla tenesteytinga og den samfunnsutviklinga ein ønskjer for eigne lokalsamfunn og regionar.

For fylkeskommunane vil dette også innebere å sjå eigne og andre sine ansvarsområde i samanheng, samt å utvikle sektorovergripande perspektiv og tiltak. Som politisk organ skal fylkeskommunen utforme ein heilskapleg politikk for eit stort geografisk område, noko som også inneber å tilpasse og samordne nasjonal sektorpolitikk til regionale utfordringar.

Dei fylkeskommunale sektor-/fagutvala, hovudutvala, vil i større eller mindre grad fungere som «samlepostar» for både like og enkelte gonger ulike fagområde. Fylkesrådmennene meiner fellesnemnda sitt arbeidsutval i den vidare prosessen til dømes kan vurdere behovet for å opprette følgjande to hovudutval i tillegg til dei som no er skisserte i intensjonsplanen: *hovudutval for helse- og sosial og hovudutval for ressursforvaltning*. Dei to hovudutvala vil kunne fange opp ei rekkje fagfelt dersom dei nye fylkeskommunane vert overførte nye oppgåver og ansvar som kan relaterast til desse (ikkje uttømmande):

- Hovudutval for helse- og sosial:
  - Tannhelsetenesta
  - Folkehelsearbeidet
  - Barne- og familievern
  - Integreringspolitikk
  - Ev. spesialiserte helsetenester
  
- Hovudutval for ressursforvaltning:
  - Konesjonshandsaming for vasskraft (småkraftverk)
  - Konesjonshandsaming for vindkraft
  - Akvakultur
  - Mineralske ressursar

Fylkesrådmennene meiner såleis den vedtekte strukturen for politisk organisering, jf. intensjonsplanen, må kunne vurderast justert i noka grad, slik at modellen svarer til den samla oppgåveporteføljen som dei nye fylkeskommunane faktisk skal ha ansvaret for frå 01.01.2020.

## **6. Konkrete oppfølgingstema som må på plass etter vedtak om politisk organisering**

Fylkesrådmennene ønskjer at det i det vidare arbeidet vert sett fokus på i kva grad det vil innebere ein naturleg reduksjon i kostnader til politisk verksemd frå 2020, då to fylkesting vil bli slegne saman til eitt, og der vi i framtida vil ha ein felles fylkesordførar, ein varaordførar og færre hovudutvalsleiarar samla sett. Det nye fylket dekkjer eit stort geografisk område og vil ha meir enn 630 000 innbyggjarar.

Fylkesrådmennene meiner det her bør leggjast til rette for at fleire enn fylkesordførar og fylkesvaraordførar vert heiltidspolitikarar, både for å handtere ei betydeleg oppgåveportefølje og for å ha kunnskap om ein stor og folkerik region.



Fylkesrådmennene meiner fellesnemnda bør vurdere i kva grad det er betre å tilstrebe tilnærma 100 prosent frikjøp for enkeltpolitikarar heller enn mange små prosentdelar. Det vil såleis kunne vere aktuelt å ev. kombinere funksjonar. Fylkesrådmennene meiner det kan vere ein føremon å få på plass aktive, synlege hovudutvalsleiarar i heil- eller deltidstillingar som også kan representere fylkeskommunen på ulike arenaer og vere leiarar i respektive nettverk/partnarskap.

Fylkesrådmennene ser det vidare som sentralt at det snarleg etter vedtak om politisk organisering vert sett i gang eit grundig og omfattande arbeid for utarbeiding av reglement og delegeringsfullmakter til alle politiske organ under fylkestinget. Dette gjeld alle utval, nemnder og råd. Arbeidet bør ha prioritet slik at fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane kvar for seg kan godkjenne felles reglement og delegeringsfullmakter i løpet av første kvartal 2019.

Fylkesrådmennene meiner det også vil vere sentralt etter vedtak om politisk organisering å etablere nye, felles rutinar og ny, felles praksis for saksførebuing og sakshandsaming i alle politiske organ. Det er i dag mange fellesnemnarar på dette feltet, men det vil likevel vere grunnlag for ein samla gjennomgang og eit harmoniseringsarbeid her. Like eins vil det vere relevant å snarleg etablere felles politikk for økonomiske rammevilkår for all politisk verksemd. Dette vil omfatta fast årleg godtgjersle for heil- eller deltidspolitikarar, møtegodtgjersle og ev. tapte arbeidsinntekter.

## **7. Fylkesrådmennene si tilråding**

Fylkesrådmennene ser det som viktig og nødvendig å få tidleg på plass den politiske organiseringa, slik at den administrative organiseringa i størst mogleg grad kan tilpassast den fastsette politiske utvalsstrukturen. Det er også viktig med ei snarleg fastsetjing av framtidig politisk organisering for å gjere modellen kjen i god tid før dei politiske nominasjonsprosessane for alvor tek til hausten 2018. For å sikre framdrift og god forankring, fekk fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) den 18.12.17 seg pålagt ei sentral rolle i det vidare utgreiingsarbeidet av den politiske organiseringa.

Fylkesrådmennene rår til at FN-AU siktar seg inn på at fellesnemnda får seg førelagt ei sak om framtidig politisk organisering i Vestlandet fylkeskommune til nemnda sitt møte i juni 2018.

Fylkesrådmennene meiner fellesnemnda sitt vedtak for framtidig politisk organisering må følgjast opp gjennom utarbeiding av reglement og delegeringsfullmakter til alle politiske organ underlagt fylkestinget. Dette gjeld for alle utval, nemnder og råd. Arbeidet bør ha prioritet slik at fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane kvar for seg kan godkjenne felles reglement og delegeringsfullmakter i løpet av første kvartal 2019.

**PS 6/18 Ymse**